

Årsrekneskap 2017 og Budsjett 2018

Vennelaget for Lensmannsgarden på Varhaug



Generelt

Vennelaget er ein ideel organisasjon som ikkje har økonomisk avkastning som målsetjing. Dette er óg naudsynt for å sikra fritak frå skatteplikt. Vennelaget må likevel byggja opp ein tilstrekkeleg solid økonomi til å kunna påta seg risiko i samband med kulturarrangement. Me trur vidare at det er viktig for artistane, Hå kommune og styremedlemmene at Vennelaget er på trygg økonomisk grunn.

Styret har vedteke eit dokument som inneheld rekneskapsprinsipp for Vennelaget. I tillegg har me ein revisor som passar på at me rapporterer rett.

Vennelaget nyttar ein modell for å berekna økonomisk risiko ved større arrangement. Dette gjev grunnlag for å ta avgjerder basert på kalkulert risiko. Ein del av økonomistyringa er også at Vennelaget etterkalkulerer alle arrangement. Dette gjev læring for komande kulturtilbod.

Året 2017

2017 var eit nytt godt år for Vennelaget. Dette er me glade for, óg fordi det ikkje er berre enkelt å få arrangementa til å gå i balanse. Det var eit arrangement som var særst vellukka økonomisk sett, tre andre gav også eit godt resultat medan resten av arrangementa var litt på plussida. Me hadde ingen større innkjøp i 2017 slik at samla kostnader utanom arrangement vart redusert med kr 17.000 frå året før.

Som det framgår er det billettsal og honorar til artistane som er dei store postane i rekneskapet. Det er óg her det er størst økonomisk risiko. Dei andre postane har me større kontroll med sidan dei i stor grad kan tilpassast aktivitetsnivå og Vennelagets økonomi.

Ein stor honnør til Lunsjtreff-gjengane som driv ein flott dugnad for bygda. Ein ekstra pluss er det at dette gjev pengar i kassen til Vennelaget.

Budsjett 2018

Budsjettet for 2018 er sett opp med utgangspunkt i 2016 og 2017. Sidan Vennelaget har ei grei økonomisk støtpute til å takla uforutsette forhold har me kun budsjettert med eit mindre plussresultat. Budsjettet gjev retninga for 2018. I det daglege er det budsjettering/styring av dei enkelte arrangementa som har mest fokus. Me må óg vera åpne for å justera aktivitet og utgifter basert på utviklinga i løpet av året.